

ÅRSMELDING 2009

NORDHORDLAND HANDVERK- OG INDUSTRILAG - NHIL -

Årsmøtet for 2008 vart halde på Western Geco, Knarvik 22. april 2009. Det var 34 personar til stades, 23 medlemsbedrifter var representert.

Etter årsmøtet var det innlegg ved Knut Nordås frå Kranringen over tema: Korleis skal ubåt U864 ved Fedje hevast.

Prisen til "Årets bedrift 2008" gjekk til Hillesvåg Ullvarefabrikk AS. Prisen vart delt ut på årsfesten 25. april på Scandic Bergen City hotell.

Medlemmer:

Betalande medlemmer pr 31.mars 2010 er no: 243.

På heimesida vår: www.nhil.no er det oversikt over alle medlemer.

Styret vald på årsmøte 22. april 2009:

Ivar K Johannessen, styreleiar

Håkon Nesheim, nestleiar

Øystein Hope

Lars Hellandsjø

Asle Hindenes

Frode M Skaar

Jonny Titland

Ragnhild Langøy

Dagfinn Namtvedt

Valnemnd:

Lasse Ståløy, (leiar) Tor Iversen og Arvid Sulen.

Revisor:

Trond Vetås, Ole Moen er varamann.

Administrasjon:

Det har ikkje vore endringar i 2009, men NHIL har sagt opp samarbeidsavtalen med Mongstad Vekst AS. Svein M Nordvik går tilbake i 100% stilling i NHIL frå 1. juni 2010 som dagleg leiar.

Styret har følgjande utval:

Arbeidsutval:

Ivar K Johannessen, Håkon Nesheim, Lars Hellandsjø og Øystein Hope.

Samfunns- og Næringsutval:

Frode M. Skaar (leiar), Øystein Hope, Tor Iversen, Håkon Nesheim og Asle Hindenes.

Aktivitetsutval:

Ragnhild Langøy (leiar), Janne Hellebø, Henning Haugland, Olav Baug og Ståle Vabø.

Kompetanseutval:

Jonny Titland (leiar), Dagfinn Namtvedt, Inge Alver, Magnus Kvingedal, Vidar Aasgård, Vivian Kårbø, Mette Marit Hopland og Kari B. Sætre.

Energi- og Miljøutval:

Lars Hellandsjø (leiar), Ivar K Johannessen, Lise Reinertsen, Ruth Digre, Baste Tveito.

NHIL har vore representert slik i andre utval:

Det regionale Næringsutval:

Ivar K Johannessen.

Varamann: Tor Iversen

Styret for Opplæringskontoret for Nordhordland

Geir Kleppe

Varamann: Eva Karin Klausen

Anna :

Styreleiar og dagleg leiar har representert laget i samband med møte lokalt og regionalt. NHIL er medlem i HOG Energi samt medlem i Næringsalliansen (samanslutning av 12 private næringsråd/lag i Hordaland)

Aktivitet:

I 2009 har det vore 9 styremøte.

Styret har hatt 66 saker til handsaming. Mykje av laget sitt arbeid har skjedd gjennom utvala.

Arbeidsutvalet:

Arbeidsutvalet har hatt møte, bl.a :

- med politisk leiing i Lindås kommune
- om samarbeidsavtalen med Mongstad Vekst AS
- med leiinga på Statoil Mongstad

Utvala rapporterer om følgjande:

A. SAMFUNNS- OG NÆRINGSUTVALET:

Utvalet har bl.a arbeidd med følgjande saker:

1) Næringskonferansen 2009

Konferansen vart gjennomført 09.09.09. Med over 600 påmeldte og tittel ” ENERGI og MILJØ” var dette ein svært vellukka konferanse. Hovudaktiviteten til utvalet har dette året vore denne saka.

2) Betre vegsamband - Nordhordlandspakken

Folkemøtet 25.november gav eit klart inntrykk av at det er ei endra – og positiv - haldning til dei føreslegne løysingane, der Nyborgtunnelen er inkludert i første fase.

3) Mongstad

Mongstad er regionen sitt industrisenter. Dei næraste åra vil det pågå sterk vekst og milliardinvesteringar på Mongstad.

Vi er opptatt av å få langvarige verknader og synergjar av investeringane ifm CO2 på Mongstad og at Staten gjennomfører planlagde investeringar i storskala reinseanlegg for CO2, med deponeringsløysing.

Det blir arbeida med planar for ny storhamn i Bergensområdet, tidshorisonten er 15 – 20 år fram i tid. Mongstad, CCB og Bergen hamn inngår no som eit samla alternativ til Flesland. Vi arbeidar for at Mongstad blir del av det endelege alternativet.

4. ”KVA NO ” – møte og samarbeid

”Kva No ”- møtene har ikkje fått den oppslutninga i 2009 som vi ynskte og møteforma blei difor ikkje nytta dette året. Imidlertid ønskjer vi god dialog med politisk og administrativ leiing i kommunane.

Det er vidare ønskeleg at kommunane kan etablera forpliktande samarbeidsløysingar på område der det er effektivt og hensiktsmessig. Organisering og gjennomføring av arbeid med næringsutvikling samt overordna tilrettelegging av næringsareal for alle Nordhordlandskommunane er gode eksempel på dette.

5) Nordhordland Arealutvikling

Vi har vore i dialog med andre selskap om arealutvikling til næringsformål i sørlege delen av Nordhordland. Intensjonen er at NHIL skal være aksjonær i et felles selskap saman med offentlige og private eigarar og på denne måten stimulera til næringsutvikling denne delen av regionen. Arbeid med dette pågår.

B. AKTIVITETSUTVALET:

Utvalet har bl.a arbeidd med følgjande saker:

1. Tryggare styring

Leiarnettverket har 45 deltakarar og kom saman 4 gonger. Alle samlingane hadde ulike tema. Målet er å styrkje kunnskap og bidra til utvikling av nettverket.

2. Medlemsmøte

I 2009 var det 5 medlemsmøte med ulike tema, som økonomi, eigedomsskatt og Nordhordlandspakken.

3. Kurs

I Kursveka, veke 47 2009, vart det arrangert 4 kurs, i alt deltok ca 50 personar. Det var kurs i HMS (2 ulike kurs), styrearbeid og data.

4. Brosjyre

Den nye brosjyra var klar til Årsmøtet og sendt alle medlemene.

5. Årsmøte og årsfest

Årsmøtet vart halde på Western Geco, Fjord Instruments 22. april 2009.

Etter årsmøtet var det innlegg ved Knut Nordås frå Kranringen over tema: Korleis skal ubåt U864 ved Fedje hevast.

Årsfesten gjekk av stabelen 25. april på Scandic Bergen City Hotell. God stemning blant dei vel 80 påmeldte gjorde dette til eit godt og viktig treffpunkt for medlemene.

6. Lagstur

Det vart ikkje gjennomført lagstur i 2009 pga for få påmeldte deltakarar.

7. Strategiplan for 2007 – 2012

Aktivitetsutvalet har gjennom sitt arbeid brukt strategiplanen aktivt.

Utkast til vedtektsendringar er foreslått i tråd med utvikling og behov og lagt fram for styret.

Kommunikasjonsutvalet har skifta namn til Aktivitetsutvalet.

Utvalet har fokusert på at NHIL skal framstå som ein aktiv aktør i media.

Utvalet har fokusert på at medlemsbedrifter får presenteret seg og dra nytte av erfaringsutvekslingar mellom bedrifter, bl.a har styret og utval halde møter hjå medlemsbedrifter.

Det er gjennomført aktivitetar der fleire/mange i bedriftene kan delta.

C. KOMPETANSEUTVALET

Utvalet har bl.a arbeidd med fylgjande saker:

Dei nye reformene i skuleverket: ”Utdanningsval” og ”Prosjekt til fordjuping” krev betydeleg koordinering mellom elev, skule og næringsliv. Målet med faget er å gje elevane på ungdomstrinnet endå betre kjennskap til utdanningsprogramma i vidaregåande opplæring og dermed redusere feilval av opplæring/yrke.

Gjennom Kompetanseprosjektet arbeidar NHIL for større satsing på kompetanse og samarbeid i regionen.

Prosjektet er todelt:

Del 1: Samarbeid skule - næringsliv

9 kommunar i regionen er med i samarbeidet. 3 vidaregåande skular, 18 ungdomsskular og mange verksemder/bransjar har vorte knytte saman i eit endå tettare samarbeid.

Elevar på 9. og 10. trinnet hospiterar på to ulike utdanningsprogram og har 3 dagar i yrkespraksis.

Av aktivitetar kan nemnast Utdanningsmessa, rådgjevarsamlingar med fagleg innhald og bedriftsbesøk, konkurransar innan yrkesfag med finale i bedrift. I tillegg er det lagt tilrette for entreprenørskap i skulen, samt å få lærarar til å hospitera i bedrifter.

Vivian Kårbø har sidan august 2008 arbeid i ein prosjektstilling som koordinator. Regionrådet og Fylkeskommunen finansierar stillinga.

Vi ser store fordeler i samarbeidsløsninga, og vi har difor teke initiativ til at stillingen skal bli permanent i samarbeidet skule/næringsliv i Nordhordland.

Del 2: Hovudprosjektet

Formålet med hovudprosjektet er å tilby kompetansekartlegging og opplæring til mellomstore verksemder, primært verksemder i Nordhordland innanfor det private og offentlege.

Det vil bli vurdert å tilby kompetansekartlegging og opplæring også mot verksemder i Bergen Nord.

Majoriteten av verksemdene er i storleiken 1 – 20 tilsette. Mange verksemder i regionen har etterlyst lokale kompetansehevingstiltak, til dømes innanfor mellomleing, språk, fagkurs etc. Tiltaket vart starta i november 2009.

NHIL har i samarbeid med verksemder innan logistikk oppmoda Fylkeskommunen til å oppretta fagkrets innan logistikk ved Knarvik vidaregåande skule. Frå skuleåret 2010/11 blir det ein realitet.

Det er også skriva brev til Kunnskapsdepartementet med oppmoding om at TAF-ordninga vert permanent. Prøveordninga er 17 år gamal.

D. ENERGI- OG MILJØUTVALET

Hordaland Olje- og Gass Energi (HOG) har vore sekretariat for Fylkeskommunen sitt arbeid for utvikling av Mongstad basert på naturgass og CO2. 3 prosjekter er no under arbeid:

- Klyngeutvikling innan CO2
- Kompetanse- og visningssenter
- Langsiktig organisering av Mongstadarbeidet
-

NHIL har vore representert i dette arbeidet (Referansegruppe og styringsutval)

NHIL er opptatt av at milliardinvesteringane skal gje langvarig og høg verknadsgrad. Utvalet arbeidar difor framleis med mulighetene for å bruke CO2 som alternativ til lagring.

FRÅSEGNER FRÅ NHIL

Vi har i 2009 bl.a. sendt brev vedrørende:

- Nyborgtunnelen og Nordhordlandspakken
- Storhamn for Bergensområdet – Mongstad
- Trase/løysning for ny kraftledning mellom Mongstad og Kollsnes
- Uttale om oppretting av linje for transport og logistikk ved Knarvik VGS
- Utale om at TAF ordninga vert varig
- Endring av trase for ferje over Fensfjorden
- Utbetring av belysning i tunnelar – Rv 57
- Mobildekning i tunnelar – Rv 57

ØKONOMI

Driftsresultatet viser eit overskot på kr 445.963,- og som gir eit årsresultat etter finans på pluss kr 747.274,-

Styret vil understreka at sjølv om laget sin økonomi er god, og betydelig forbetra dei siste åra, er det overordna målet å vera sjølvfinansierende på driftsrekneskapen. Medlemskontingenten skal gje eit betydeleg bidrag til finansieringa av vanleg drift.

SLUTTORD

Strategiplanen 2007 – 2012 dannar grunnlaget for lagets prioriteringar. Styret har kvart år ei samling der strategiarbeid og framtidsoppgåver har fokus.

NHIL har god økonomi. Arbeidet med ”Nordhordland Arealutvikling” handlar mellom anna om forvaltning av midlane. Laget ønskjer å bidra til å skape ny aktivitet som kan gje utvikling for medlemne og regionen.

Månelandinga er nå blitt eit omgrep knytt til Mongstad. Ved årsskiftet 09/10 foregår oppstart og uttesting av kraftvarmeverket., Bygging av Teknologisenteret for uttesting av CO2-fangst (TCM DA) pågår og vil først vera i drift i 2012. Beslutning om bygging av storskala fangstanlegg for CO2 er planlagt til 2012.

NHIL er oppteken av at milliardinvesteringane skal gje høg virkningsgrad og langsiktighet.

Arbeidet med **Nordhordlandspakken** har no skifta spor – Nyborgtunnelen står øvst på prioriteringslista, saman med lokale veger i regionen. For NHIL er bygging av Nyborgtunnelen ei viktig fanesak.

Kompetanseprosjektet er også ei fanesak – å utvikle eit endå betre samarbeid mellom skule og næringsliv for å gje ungdomane best mogeleg kompetanse er viktig. Å sikre at dagens ungdomar er godt informert om både lokale moglegheiter og lokal industri sitt framtidige behov, er også sentralt.

Storhamn

Mongstad er eit svært godt alternativ som Storhamn for Bergensregionen – det er ei viktig sak å arbeide for. Beslutning om lokalisering blir tatt i desember 2010.

NHIL meiner at **næringsarbeid** og koordinering av næringsutvikling burde kunna bli utført i fellesskap i regionen. Vi håpar det blir ein realitet no når Regionrådet har arbeidsoppgåver og organisering til vurdering.

Fleire av medlemsbedriftene i NHIL har nedbemanna i.2009 som følge av finanskrisa – året har såleis vore eit spesielt år.

NHIL si oppgåve i dette er å tydeleggjere behovet for planer og **tiltak for nye tider** – kursen må truleg endrast for eindel bedrifter.

Heldigvis er Nordhordland betre stilt enn mange andre regionar, men det må ikkje bli ei sovepute – alle signal tyder på at 2010 blir eit tøft år også i vår region for mange.

Når det er sagt, vil vi også gje uttrykk for optimisme. Vi har mange gode sponsorar og samarbeidspartnarar som støtter oss i arbeidet – det er vi takksame for.

NHIL skal være til nytte og glede – utan stor innsats frå mange hadde vi ikkje vore der vi er!

www.nhil.no